

Fra: Håvard Hoftun
E-Post: Havard.Hoftun@bfk.no
Sendt: 25.02.2011 12:34:56
Mottatt: 25.02.2011 12:35:02
Til:
Emne: Gjuvsgrendi Kraftverk AS

Syner til høyring angående søknad om konsesjon for Gjuvsgrendi Kraftverk AS

Automatisk freda kulturminne

Utviklingsavdelinga i fylkeskommunen kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne i området, men går ut frå at dersom det blir gitt konsesjon skal det gjennomførast arkeologiske registreringar i høve til kulturminnelova §9. Me syner til kulturminnelova sin §§ 8 og 9 om undersøkingsplikta ved planlegging av offentlege og større private tiltak og §10 om at utgifter til særskild gransking må dekkast av tiltakshavar. Det er på bakgrunn av dette viktig med eit skikkelig kartgrunnlag for å vurdere omfang av ymse tiltak.

Budsjett for registreringane kan setjast opp når planlagt tiltak er endeleg fastsett. Det beste er om ein er tidleg ute i høve til dette slik at tilhøvet til eventuelle kulturminne ikkje stoppar planprosessen unødig opp.

Utviklingsavdelinga i fylkeskommunen ynskjer tilbakemelding på vidare saksgang når dette ligg føre.

Vassmiljøet i Eidsåa

Eidsåa inngår i vassområde Numedalslågen og er omfatta av Forvaltningsplan for vannregion Vest-Viken

2010-2015. Forvaltningsplanen skal vera eit reiskap for berekraftig vassforvalting og gir føringar for

arealbruk/ tiltak som rører ved vassmiljøet. Miljøtilstanden i Eidsåa er klassifisert til moderat økologisk

tilstand. Eidsåa er ikkje ein modifisert vassførekomst.

Buskerud fylkeskommune, som vassregionmynde for vassregion Vest-Viken, ber NVE om at

forvaltningsplanen og føringar frå vassforskrifta blir lagt til grunn ved vurdering av søknaden/ tiltaket. I

dette ligg det ei klar forventning til at den økologiske og kjemiske tilstand i Eidsåa av i dag ikkje blir

dårlegare ved tiltaket.

Det blir gått ut frå at det omsøkte tiltaket og blir vurdert i høve til vassforskrifta sin § 12 om ny aktivitet

og nye inngrep. Vassregionmynde forventar å bli underretta dersom det etter NVE si sakshandsaming er

aktuelt å vika frå føresetnadane i forvaltingsplanen, slik dette kjem fram av foredraget til kongelig

resolusjon for forvaltningsplanen av 11. juni 2010.

Vassregionmynde kan ikkje sjå at søknaden frå Eidsåa Kraft AS vurderer om tiltaket er i samsvar med

eller i konflikt med forvaltingsplanen og krav gitt i vassforskrifta. Vassregionmynde vil oppmoda NVE

om å innarbeide desse tilhøva i vegleiarane for utbygging av småkraftverk.

Sakshandsamar, vassregion: rådgjevar: Hilde Reine, tlf: 32 80 86 61, e-post hilde.reine@bfk.no

Med venleg helsing

Håvard Hoftun

Rådgiver/Arkeolog

Utviklingsavdelinga

Direkte: 32 80 87 30

Mobil: 99 64 67 11

www.bfk.no <<http://www.bfk.no>>